

## Innspel til plassering av ny barneskule i Sogndal

Merknader til udatert saksframstilling 2022/610 – 18

Alternativet med plassering av ny skule i tråd med kommunestyret sitt vedtak frå 28.10.2021, er ikkje omtalt i saksframstillinga. Kommunedirektøren har flytta Kvålealternativet frå frukthagen vest for Kvåle stadion til Ingahaugen som er eit lite bustadfelt mellom Kvåle stadion og Sognahallen. Kommunedirektøren har summert opp fordelane med ny skule på Ingahaugen i fem hovudpunkt:

1. *Plassering av skulen på Kvåle er alternativet som vil gje **høgast kvalitet på skuleområdet**.*
2. *Det er **den rimelegaste løysinga** både på investering og drift, og det legg godt til rette for sambruk med aktørane på Campus.*
3. *Prosjektet vil også bidra til å løyse opprustningsbehovet på dagens Kvåle skule. **Føresetnaden for dette er å etablere fellesparkering på Ingafossen** som òg gjer det mogleg å ta bort trafikk frå Trolladalen, slik at ein kan sikre trygg tilkomst for syklende og gåande frå denne sida av Campus.*
4. ***Hente- og bringeløysing under bakken** vil sikre trygt skilje mellom mjuke trafikkantar og bilane.*
5. *Med ei etablering på Kvåle vil ein kunne utfordre fylkeskommunen til å etablere kombinert **nattparkering og haldeplass under bakken på Ingafossen**, med tilhøyrande stor miljøgevinst.*


Desse punkta byggjer på mange usikre føresetnader:

1. Saksframstillinga inneheld ingen skisser av dei alternative løysingane som gjev grunnlag for samanlikning av kvaliteten på skuleområdet.
2. Det er umogleg å samanlikne byggjekostnader når det ikkje ligg føre realistisk skisser av alle alternativa. Men ut frå intensjonsavtalen om grunnnavståing som vart inngått for det opphavelige Kvåle-alternativet, er det ingen tvil om at innløysing og riving av næringsbygg og bustader på Ingahaugen, vil gje vesentleg større grunnkostnader enn tomte i frukthagen på vestsida av Kvåle stadion.
3. På Campus-kartet er det vist 170 parkeringsplassar fordelt på fleire mindre plassar i dagen. Stenging av desse plassane vil redusere trafikken i Trolladalen, men det ligg også mange private bustadhus langs denne vegen. Derfor kan ikkje vegen stengjast for biltrafikk sjølv om det blir bygd eit stort parkeringshus med tilkomst frå Fjærlandsvegen. Trygg skuleveg frå sentrum til Kvåle for aldersgruppa 5 – 10 år, krev ein ny gang- og sykkelveg uavhengig av om kommunen fjernar alle parkeringsplassane i dagen.
4. Det er ikkje vist korleis ei hente- og bringeløysing i eit parkeringshus under bakken kan gje eit betre skilje mellom mjuke trafikantar og bilane enn tilsvarande løysingar i dagen. Henting av 6-åringar på SFO kan ta 10 – 20 minutt og krev mange

parkeringsplassar innafor gangavstand. Det er utfordrande å finne løysingar for sikker gangtrafikk i store parkeringsanlegg.

5. Det er god plass til å byggje bussgarasje under Kvåle stadion, men det blir store utfordringar med branntryggleik ved overgang frå dieseldrift til hydrogen eller batteri. Det er ikkje aktuelt å kombinere bussgarasje og haldeplass for skulebussane av omsyn til trafikktryggleik. Eigne haldeplassar for skulebussane under bakkenivå, vil gje store tilleggskostnader som krev omprioritering i fylkeskommunen. Vil Sogndal kommune utsetje bruprosjektet i Esefjorden for at fylkeskommunen skal byggje eit enormt underjordiske parkeringsanlegg ved Ingafossen? Dersom bygging av underjordisk bussparkering blir utsett til etter at den nye skulen er teken i bruk, kan det ventast store utfordringar i byggjeperioden med m.a. skulebussar i Trolladalen og støy og støv frå sprenging og utgraving av 5000 lastebillass frå Kvåle stadion.

Bakgrunn for saka: Informasjon på møte 15. februar 2023:



Figur 1: Frå kommunedirektøren si orientering på folkemøte 15. februar 2023



Figur 2: Kommunedirektøren forhandla om kjøp av tomt til ny skule på vestsida av Kvåle stadion (Skjermdump frå Sogn avis)

Saksutgreiinga som kommunedirektøren la fram for kommunestyret 28.10.2021, inneheld kart som viser at vedtaket gjeld ei tomt på vestsida av Kvåle stadion. Dette går også klart fram av oppslaget i Sogn avis den 11.3.2022. Kommunestyremedlem Svein Jarle Slinde (Sp) gjorde greie for kommunestyret sitt vedtak i eit innlegg i Sogn avis den 21.11.2021:

**«Respekt for vedteken reguleringsplan: I «Områdereguleringsplan Campus Sogndal» sette fleirtalet i kommunestyret **frukthagen over Kvåle stadion av til skuleutbygging**. Når ein bonde har eit slikt bandlagt areal, blir det meiningslaust å planta ut frukt på det. Moderne fruktplantingar har ei omløpstid på rundt tjuve år, og som fruktbonde sjølv, hadde eg alder blir reinvestert eller utvikla hagen vidare bår det er risiko at hagen må sanerast like etter planting. Når hagar blir regulert på denne måten, så må det følgjast opp, det meiner i alle fall eg. Om ikkje set du eigar i ein håplaus situasjon».**

Den 1.12.2021 stemde fleirtalet i formannskapet for godkjenning av intensjonsavtalen om overtaking av eigedomen på vestsida av Kvåle stadion for å byggje ny skule 1 – 7 i samsvar med vedtaket frå 28.10.2021.

Kommunestyret avviste avtaleforslaget i møte den 24. mars 2022 fordi fleirtalet ville ha ei ny vurdering av kvar den nye skulen skulle plasserast.

## Kommunen var samd med grunneigar, no går det likevel mot oreigning



SKUFFA: ORDFØRAR ARNSTEIN MENES HÅPTE KOMMUNESTYRET SKULLE GÅ FOR INTENSJONSAVTALEN. SLIK GJEKK DET IKKJE. FOTO: HALVOR FARSTAD

SOGNDAL: Fleirtalet i Sogndal vraka ein framforhandla avtale til fordel for å tvinga gjennom eit kjøp. Ordføraren er skuffa.

Figur 3: Referat i Sogn avis frå møte i kommunestyret om overtaking av tomte på vestsida av Kvåle stadion



OMSTRIDD, OMTALT OG OMSKRIVE: Tomtesaka på Kvåle har kosta blod, svette, kanskje tårer og mykje arbeid for Tor-Einar Skinlo og dei andre involverte. Det blir ikkje avklaring i denne runden heller. Foto: Skjermdump, kommunejart.com/Arkiv

Av Svein Erik Hovland

Publisert: 14.09.22 06:00

Del

Juristane har sagt sitt om den omstridde oreigninga.

Figur 4: I september 2022 låg skuletomta framleis på vestsida av Kvåle stadion (Skjermdump frå Sogn avis)

Misvisande saksframstilling:

«Kvåle skule er regulert i områdereguleringsplan Campus Sogndal, vedteken 25.04.2019, der eit av hovudmåla er å knyte saman Campus Sogndal og Fjøra til eit **samanhengande gang- og sykkelvenleg sentrumsområde**».

Utsnitt av gjeldande områdereguleringsplan som ligg på [sognekart \(kommunekart.com\)](https://sognekart.kommunekart.com), viser at arealet mellom Kvåle stadion og Sognahallen er regulert til Industri/lager og bustader. Når det blir vist til «Kvåle skule», gjeld dette tomte i frukthagen på vestsida av Kvåle stadion slik kommunestyre-representant Svein Jarle Slinde forklarte det i Sogn avis den 21.11.2021.


I områdeplanen er det ikkje vist samanhengande gang- og sykkelveg frå sentrum til Kvåle. Det er ikkje forsvarleg å sende 6-åringar på eit smalt fortau langs vegen i Trolladalen der dei må konkurrere om plassen med ungdomsskuleelevar, studentar og elektriske sparkesyklar.. Resultatet blir ekstra bilkøyring til og frå skule og SFO.



## Underjordiske parkeringshus for personbilar og fjerning av parkeringsplassane i dagen




Figur 7: På parkeringskartet for Campus er det vist ca. 170 parkeringsplassar i dagen



Figur 8: Terrenget bak Sognahallen ligg godt til rette for bygging av eit underjordisk parkeringsanlegg med 2 - 3 etasjar som gjev plass til 200 – 400 bilar i eit 60-års-perspektiv. Eventuell brannseksjonering av parkeringshuset krev større areal. Er gevinsten ved fjerning av 170 parkeringsplassar i dagen stor nok til å forsvare kostnaden med nytt parkeringshus? Ved alternativa Trudvang og Fosshagen kan eksisterande parkeringsplassar frå Guridalen til Kvåle framleis nyttast, og kommunen sparer kostnaden med 170 nye parkeringsplassar.

## Prinsippskisse for bussparkering under Kvåle stadion



Figur 9: Underjordisk bussgarasje ved Kvåle stadion kan byggjast uavhengig av kvar skulen blir plassert. Haldeplassen for av- og påstigning må utvidast dersom barneskulen blir flytta til Ingahaugen eller Kvåle. Utviding av haldeplassen reduserer arealet som kan utnyttast til skuleformål. Kommunen kan sjølvstekt byggje lok over snuplass og haldeplass, men dette betyr vesentleg større kostnader for skuletomta på Ingahaugen.

### Branntryggleik

Kort avstand frå bussparkering til barneskule, gjev store utfordringar med tanke på brannsikring og branntryggleik. Ved alarm om gasslekkasje eller batteribrann, er det ikkje aktuelt å hente ut bussane frå garasjen. Brannvesenet kan heller ikkje gå inn i garasjen for å sløkkje ein bussbrann. Det kan medføre at skuleområdet må evakuerast fram til alle bussane i ei branncelle er utbrende eller til all farleg gass er fjerna. Det kan ta fleire døgn.

Vi veit ikkje om bussane i framtida skal ha batteridrift eller drivast med hydrogen, ammoniakk eller biogass. Det er naturleg å plassere ladestasjonar og eventuelt fyllestasjon for gass ved garasjen for å utnytte ventetida for sjåførane. Venterom og sanitæranlegg for sjåførane kan plasserast over bakkenivå ved tribunebygget.

Garasjen må delast inn i brannceller med brannsikre vegger og røyktette portar. Dette medfører ein god del større areal enn ved bussparkering i dagen. I figuren ovanfor er det vist fem bussar i kvar branncelle. Dersom det endelege kravet skulle bli maksimalt to bussar i kvar celle, kan det bli naudsynt å grave opp ein større del av Kvåle stadion for å få plass til nattparkering av 20 bussar. På billagstomta er det plass til 25 bussar i dag. Nøyaktig kapasitetsbehov for bussgarasjen må avklarast med fylkeskommunen.

## Oppsummering og konklusjon

- Saksframlegget manglar ei vurdering av tomtealternativet på Kvåle som kommunestyret vedtok i 2021. Kommunedirektøren har ikkje lagt fram opplysningar som tilseier at tomta på Ingahaugen er betre eigna til plassering av ny skule enn 2021-alternativet i frukthagen på vestsida av Kvåle stadion.
- Det må utarbeidast likeverdige skisser som viser forslag til plassering av bygningar og inndeling av uteområdet for alle alternativa. Dette vil gje betre grunnlag for samanlikning av byggjekostnader og kvalitet på skuleområdet.
- Det bør utførast manuelle trafikktejingar i Trolladalen for å dokumentere kor stor del av trafikken som er til/frå parkeringsplassane i dagen (handicap-plassane skal vel ikkje fjernast?)
- Framtidig gang- og sykkelveg mellom sentrum og Kvåle må teiknast inn på kartet. Kostnaden må vurderast.
- Ved Trudvang-alternativet kan levering og henting kombinerast med ein tur på daglegvarebutikken og bruk av eksisterande parkeringsplassar. Ekstra parkeringsbehov ved levering og henting på SFO på Ingahaugen, må vurderast på nytt.
- Eventuell skilnad i trafikktryggleik mellom hente- og bringeløysingar under bakken og i dagen, må dokumenterast.
- Kostnaden med bygging av nytt parkeringshus under bakken som kan erstatte 170 parkeringsplassar i dagen, må vurderast på nytt
- Ulemper i byggjeperioden for skule og underjordisk parkeringshus ved Sognahallen må omtalast.
- Kva konsekvensar får mellombels stenging av busshaldeplassen ved Ingafossen for skuleskyssen? Ulemper ved busstransport i Trolladalen i byggjeperioden for garasjeanlegg og skule, må vurderast spesielt.
- Kommunen må be om ei rask avklaring frå fylkeskommunen om bygging av underjordisk bussparkering ved Ingafossen er realistisk innan fem år. Fylkeskommunen må levere ei uavhengig risikoanalyse av brann- og eksplosjonsfare i eit parkeringsanlegg for bussar med batteridrift, hydrogentankar eller andre drivstoff som kan bli aktuelle i framtida.

Sogndal 26.2.2023

Gunnar Lotsberg